



Statens vegvesen

LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak, Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
11. 02. 2015	
Ark. saksnr	Løpenr
14/7378	
Saksnr.	Tilgangskode

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Gudbjørg Agdestein - 55516820

Vår referanse:
2014/140277-015

Dykkar referanse:

Vår dato:
10.02.2015

Varsel om grunnundersøkingar for Fv 57 Skodvin - Vågseid

I samband med prosjektet Fv 57 Skodvin – Vågseid, reguleringsplan for gang og sykkelveg vil Statens vegvesen gjennomføra grunnundersøkingar på dykkar eigedom. Sjå vedlagt oversiktskart.

Det er venta at arbeidet skal gjennomførast i veke 9-11. Etter at arbeidet er gjennomført kan det vere aktuelt med supplerande undersøkingar.

Varslinga omfattar målearbeid, grunnundersøkingar og tilkomst for mannskap og nødvendig utstyr frå offentleg veg fram til aktuelt område.

Målearbeida omfattar utsetjing av pelar som er markering av dei punkt som skal undersøkast/innmålast.

Grunnundersøkinga omfattar grunnboringar og prøvetakingar.

Grunnboringane utføres med beltegåande borerigg og skal gje oss svar på kor djupt det er til fastare massar og berg. Prøvetakingane vil fortelje oss kva slags massar som ligg i grunnen og kva slags eigenskapar massane har.

Dersom undersøkingane medfører skade eller ulempe som medfører økonomisk tap, kan de krevje vederlag for dette frå Statens vegvesen etter regel i oreigningslova § 19. Vi ber om at eventuelle erstatningskrav vert meldt skriftleg så snart som mogeleg og seinast innan ein månad etter at arbeidet er ferdig til

Statens vegvesen, Region vest, Askedalen 4, 6863 Leikanger.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Oreigningsloven § 4 gir Statens vegvesen heimel til å utføra landmåling og grunnundersøking med tanke på gjennomføring av prosjektet. Dersom de ikkje kan tillata at det vert utført slikt arbeid på dykkar eigedom ber vi om at de tek kontakt. Statens vegvesen vil om naudsynt gjera vedtak om likevel å gjennomføra arbeidet.

Dersom de ikkje tillet undersøkinga, ber vi om å få beskjed så snart som mogeleg, og seinast innan tre veker frå de får dette brevet.

Svein Lysø på tlf. 55516347/91697108, er ansvarlig for prosjektet. For spørsmål om gjennomføring av grunnundersøkinga, kan De ta kontakt med Adeel M. Mazhar på tlf. 55516824/97620373.

For spørsmål om varsling av grunnundersøkinga og mogeleg erstatning, ta kontakt med Jan Jorunn Nesheim på tlf 55516883/93876767.

Dersom vi ikkje høyrer frå dykk innan tre veker går vi ut frå at de godtar undersøkinga.

Geo- og skredseksjonen
Med helsing

for
Stein Olav Njøs
Seksjonsleder
Gudbjørg Agdestein

Gudbjørg Agdestein

1 vedlegg